

# Fjordabladet

NR. 68 ■ 146. ÅRGANG ■ LAUSSLAR KR 30,- ■ TYSDAG 1. SEPTEMBER 2020 ■ WWW.FJORDABLADET.NO

## Leiligheter

Dvergsdal og Sunde Bygg AS  
480 09 700 | 476 88 800  
[www.dvergsdalogsunde.no](http://www.dvergsdalogsunde.no)



FOTO: Tormod Flatebø

● Okla vindkraft

## Seier klart nei

«Dere ødelegger Stadlandet» og «Redd Stad nå» stod på fleire av plakatane då vindkraftmotstandarar frå heile fylket

viste sin harme mot Okla-utbygging. Måndag marsjerte dei frå Leikanger til Borgundvågen der arbeidet skulle ta til. **SIDE 2-3**

## Sjefsskifte

Etter 35 år er det leiarskifte i Eid Elektro. Tore Hjelle overtar etter Ove Kjøllesdal. **SIDE 9**

## Speleglede

44 lag boltra seg på Eid Stadion til årets første Kongle-ricketurnering. – Fotball er supergøy, konstaterar ein gjeng unge spelarar frå Selje. **SIDE 10-11**



## Høgtideleg marke-ring

Det blei ei høgtideleg markering av Sunnivaskrinet som no er på veg til Bergen. **SIDE 4-5**

Gjer det  
bille!

**X** EXTRA

coop  
Nordvest

Prisane gjeld i veka 36 i Coop Nordvest SA sine Extra-butikkar. Atterhald om trykkfeil og utseld.



**-25%**

Lofoten fiskeburger/- kaker og gratengar  
6 variantar

**34,90**

MINDE POSAR

9 variantar. Fra 150 g. Pr pose  
Pr kg frå 12,34



**109,00**

PEPSI MAX 6 PK

6 x 1,5 l. Pr pk  
Pr l 12,11

7 090035370011

# nytt

tips: tlf. 57 88 53 10 e-post [redaksjon@fjordabladet.no](mailto:redaksjon@fjordabladet.no)



**LITEN PLESS:** Det gjekk akkurat å få skrinet gjennom landgangen.



**PROSESSJON:** Skrinet passerer Selje prestegård midt i sentrum av Selje. Tidlegare på kveld var her er samling for tilreisende gjestar.

## Høgtideleg reise frå Selje

Det var ei høgtideleg markering før Sunnivaskrinet segla frå Selje til Bergen.

– Det blei ei fin markering, særlig med tanke på at vi har vore på nippet til å avlyse på grunn av korona. Men vi fekk til eit fantastisk opplegg saman med Bjørgvin bispedøme og Kystkultur.no, seier ordførar Alfred Bjørlo, som har gått i front og bore Sunnivaskrinet fleire etaper.

– Ja, det var blytungt og litt bevegeleg, så det kjendest ut som Sunniva ikkje var heilt ferdig, fortel han.

### 850 år

Sunnivaseglasen 850 år etter at Sta. Sunniva sine leivningar vart flytta frå Selje til Bergen, er også ei markering for å bygge nye band langs kysten inn i framtida.

Skrinet skal stoppe på fleire andre historiske stadar på kyspilgrimsleia. På vegen blir skrinet fylt opp av framtidstraumar og ønskje frå ungdommar. Dette er i samarbeid med Bjørgvin bispedøme, FN-sambandet og for å løfte merksemål om FNs berekraftsmål.

Selje vart nyleg eit av fire Regionale Pilgrimssenter for Kystpilegrimsleia, og arrangementet i helga er det første store prosjektet som Stad kommune gjennomfører i den samanheng.

– Det er ei stor ære at vi i vår nye kommune får vere med å ta vare på arven etter St Sunniva inn i ei ny tid – og løfte fram att i lyset både Selja Kloster og pilegristradisjonane på kysten gjennom Kystpilegrimsleia, seier Bjørlo.

**INGEBJØRG NILSEN STOKKENES**  
ins@fjordabladet.no



**SELJESANDEN:** Fredag kveld var det kveldsbøn i Selje kyrkje og fakkeltog på Seljesanden, der Sunnivaskrinet vart frakta til Klosterbåten.



**FAKKELTOG:** Fakkeltoget på Seljesanden.



**MARKERING:** Det var ei høgtideleg markering under Sunnivafestivalen i helga. Her frå då Sunnivaskrinet vart frakta frå Selje kyrkje og til Klosterbåten. **FOTO:** INGBJØRG NILSEN STOKKENES



**FLEIRE:** Fleire kyrkjesamfunn deltok på markeringa i helga.

● ● **Det var tungt og litt bevegeleg, så det kjendest ut som Sunniva ikkje var heilt ferdig.**

Ordførar Alfred Bjørlo



**SKUELYSTNE:** Fleire hadde møtt opp for å sjå hendinga fredag kveld, då Sunnivaskrinet vart frakta til Klosterbåten.



**BERGEN:** Og så er skrinet på plass i båten og på veg til Bergen. FOTO: PRIVAT



**BÅTEN:** Skrinet, ungdommar og mannskap på plass i båten. FOTO: PRIVAT



**KLOSTERBÅTEN:** Så kom Sunnivaskrinet til Klosterbåten, som frakta det til klosterøya.



**MARKNAD:** Gunn Sande og fleire andre deltok på marknad i Selje sentrum laurdagen. FOTO: PRIVAT



**SYMBOLSK:** Det symbolske skrinet var tungt å bere, konstaterer ordføraren. FOTO: PRIVAT



**KLOSTERØYA:** Prosesjon frå Selja kloster til båten som skulle frakte skrinet frå Selja til Bergen. FOTO: PRIVAT



**UTANDØRSKONSERT:** Ytre Nordfjord Brass spelte i parken. FOTO: PRIVAT